



Kystverket
Serviceboks 1502
6025 ÅLESUND

Dato: 24.09.2014
Vår ref.: 2014/18994-7
Saksbehandlar: nilgrud
Dykkar ref.:

Høyring av utkast til nye og endra føreskrifter under losloven - Nytt høyringssvar frå Hordaland fylkeskommune

Vi viser til vårt høyringssvar i brev av 27.08.2014 til utkast til ny lospliktføreskrift og endring av føreskrifter under losloven. Vi ber om at de ser vekk frå dette brevet. Nytt høyringssvar frå Hordaland fylkeskommune følgjer nedanfor.

Ved nærmere kontakt med sakshandsamar i Kystverket er vi blitt gjort merksam på at den nye loslova og eksisterande føreskrifter kan få verknad for både kostnader og fleksibilitet for ferjedrifta i Hordaland. Vi viser her til § 3 – Lospliktige fartøy, og vidareføring av gjeldande lospliktføreskrift § 6.

Hordaland fylkeskommune ber om at § 3, tredje ledd, bokstav a, tek høgde for at det er normalt ved driftsmessige tilhøve, som t.d. driftstans, problem med ferjeleie etc å flytte ferjer til anna samband innan same ruteområde, eller mellom ruteområde i fylket. Som det vel er kjent står ein av og til i den situasjonen at ei ferje får driftsstans og erstatningsferje må hentast inn, kanskje frå anna ruteområde, mens fartøy med driftsproblem må på verkstad. I slike situasjoner er det viktig at ferjesambandet raskt kjem i drift att.

Vi ber difor om at det blir gjort yttarlegare slik presisering når det gjeld flytting av fartøy innan eit fylke i § 3 (3) a):

«Bestemmelsen i første ledd gjelder ikke for a) fartøy som nevnt i første ledd bokstav h) når fartøyet har tillatelse til persontransport i rute etter yrkestransportlova og fartøyet trafikkerer den ruta som løyvet gjelder for.

Unntaket gjelder også trafikk mellom hovedsamband og faste liggekaier eller bunkerskaier, samt flytting av passasjerfartøy i rute mellom hovedsamband, andre samband og aktuelle skipsverksteder innen samme fylke.»

Hordaland fylkeskommune viser til liks med andre fylkeskommunar at det ut frå eit tryggleiksomsyn vil vere fullt forsvarleg å flytte fartøy mellom samband innanfor same ruteområde. Frå Hordaland fylkeskommune si side kan vi heller ikkje sjå at ikkje skulle vere forsvarleg for ferjer å gå utan los mellom dei ulike ruteområda og aktuelle

skipswerkstader i same fylket med den kjennskap mannskapa har innan dei ulike ruteområda i fylket.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Nils E Grude
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.